

Sluttrapport - Prosjekt- og utviklingsmidlar på arkivfeltet 2023 – 2026

Innholdsliste


Innleiing.....	2
Bakgrunn for prosjektet	3
Arbeidsgruppa si samansetting og mandat	3
Gjennomføringa av prosjektet.....	4
Føresetnader i sektoren	4
Målgruppa for arkivmidlane.....	5
Kartlegging av behov	6
Resultat frå undersøkinga	6
Arkivstatistikken	7
Nettverket for privatarkiv i Noreg	7
Stat- og kommuneundersøkinga	7
Identifikasjon av tiltaksområder.....	8
Inspirasjon frå andre ordningar.....	8
Arbeidsgruppa si vurdering	10
Forslag til utlysingstekst 2023 – 2026	10
Programområde 1: Innovasjonsarena for arkiv og dokumentasjon (IDA).....	11
Innsatsområde 1.1.: Arkivspira.....	11
Innsatsområde 1.2: Arkivveksthuset	12
Programområde 2: Startskot for tilgjengeleggjering av kulturarven.....	12
Arkivmidlane vidare.....	12
Behov for finansiering:	12
Opptrapping av arkivmidlane	14
Korleis kan me sørge for at gevinstane når ut til sektoren.....	15
Anbefaling om evaluering og ny arbeidsgruppe i 2025	15
Vedlegg:.....	16

Innleiing

Kulturdepartementet har sidan 2015 gitt Arkivverket i oppdrag å forvalte speloverskot frå Norsk Tipping til prosjekt og utviklingstiltak på arkivfeltet. Speloverskotet fordelast til forskjellige tiltak gjennom grasrotandel, sponsorordninga til Norsk Tipping og *Tippenøkkelen*. Blant desse er Tippenøkkelen den klart viktigaste, og utgjer om lag 86 prosent av overskotet.¹ Dette svara til 6 286 millionar i 2022.²

Fordelinga i Tippenøkkelen har sidan 2012-15 vore at 6,4 % fyrst vert fordelt til helse- og rehabiliteringsformål. Deretter fordelast resterande overskot med 64 % til idrettsformål, 18 % til kulturformål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.³

I 2021 bestod potten til kulturformål av 908,6 millionar, medan den auka til 926,1 millionar i 2022. Kulturdepartementet har dei siste tre åra løyvd 12,3 millionar frå kulturformålsordninga til «Prosjekt- og utviklingsmidlar på arkivfeltet» (heretter *arkivmidlane*) og gjeve Arkivverket forvaltingsansvar for ordninga.



Heilt sidan Arkivverket fekk ansvar for forvaltninga av ordninga i 2015 er midlane fordelt til prosjekt som dreier seg om private eller offentlege arkiv. Det har dei siste 5 åra vore ein markant overvekt av søknadar på innsatsområda for privatarkiv (sjå illustrasjon). Fram til 2019 var ein sum av midlane øyremerka privatarkiv. Frå 2020 heitar det at delar av tilskotsramma «skal disponeres til planmessig arbeid med å sikre at privatarkiv fra viktige samfunnssektorer og alle landets regioner blir bevart, gjort tilgjengelig og formidlet».⁴ Uansett formulering og øyremerking, har tildelinga til privatarkivformål låge stabilt på 8-9 millionar dei siste åra.

I Noreg finst det fleire ordningar som dekkjer arkivrelaterte prosjekt og blant desse er arkivmidlane den største. Det er og den einaste ordninga som har til formål å *utvikle* arkivfeltet. Kulturrådet, Fritt ord, Norsk Arkivråd og Arkivforbundet forvaltar òg ordningar som kan støtte prosjekt med arkivformål. Elles er det mogleg å søke midlar frå fylkeskommunar, kommunar, sparebankstiftingar og legat for å

¹ Kulturalliansen, «Tippemidler til kultur og idrett», 2019, s. 3.

² Statsbudsjettet 2023.

³ Fordelinga av overskotet regulerast gjennom pengespellovas §10 om fordeling av midlane.

<https://lovdata.no/lov/1992-08-28-103/§10>

⁴ Tildelingsbrevet

nemne nokon. Det eksisterer også mange døme på at private arkivskaparar sjølve, ilag med lokalt næringsliv og organisasjonsliv, løyver midlar til prosjekt med arkivformål.

I tillegg til arkivmidlar som Arkivverket forvaltar for sektoren, får Arkivverket pengar over statsbudsjettet for å utvikle Digitalarkivet og nye løysingar for Innebygd arkivering for sektoren. Gjennom KUD si satsing på digitalisering av kulturarven, forvaltar Nasjonalbiblioteket store midlar for digitalisering av arkiv og samlingar frå heile ABM-sektoren. Ordninga er kostnadsfri for institusjonane, då den er finansiert av grunnløyvinga Stortinget har gitt Nasjonalbiblioteket. Arkivverket ved Samisk arkiv har og sidan 2020 tilbydd kostnadsfri digitalisering og publisering på Digitalarkivet av alle arkiv som oppbevarast hos samiske museum og kulturinstitusjonar. Det eksisterer altså ein god del målretta offentlege finansierte ordningar og tenester for sektoren.

Bakgrunn for prosjektet

Fagområdet for dokumentasjonsforvaltning og arkiv har dei siste 20 åra vore prega av lite innovasjon og modernisering. Behovet for ny tilnærming, forbetra metodikk og løysningar som tek hand om arkivfaglege omsyn er stort og presserande. I løpet av dei siste åra har behovet for innovasjon og modernisering blitt stadig meir prekært, og Riksrevisjonen, Arkivlovutvalet og fleire samarbeidsprosjekt har peika på mange kritiske område innan dokumentasjonsforvaltning i offentleg og privat sektor. Dei har mellom anna vist at mengda av komande kulturarvsmateriale er stort og stadig voksende, at sakshandsaming og det å finne igjen arkivmateriale vart for tidkrevjande og at den etablerte metodikken og verktøya ofte er tungvinte og lite hensiktsmessige. Det er difor behov for tiltak som sikrar at arkivområdet ikkje sakkar akterut, men derimot bidrar til å støtte den digitale transformasjonen av samfunnet.

Det er heilt avgjerande å tenke nytt og utradisjonelt for å møte utfordringane på arkivfeltet på ein god måte. Arkivverket har dei siste åra, gjennom arkivmidlane, forsøkt å stimulere til meir innovasjon i sektoren ved å vektlegge nyskaping, ny metodikk og testing av nye arbeidsmåtar i utlysinga. Innsatsområda og kriteria har blitt meir spissa for å trekke til seg fleire innovative tiltak. Erfaringar viser likevel at det ikkje har blitt søkt om innovative tiltak i like stor grad som forventa og ynskja. På bakgrunn av dette ynskjer Arkivverket å sjå nærmare på korleis arkivmidlane i enno større grad kan sette arkivsektoren i stand til å møte dagens og morgondagens utfordringar på ein føremålstenleg måte.

Arbeidsgruppa si samansetting og mandat

Arkivverket sette ned ei arbeidsgruppe våren 2022 for å sjå på ordninga. Gruppa hadde representantar frå Norsk Arkivråd, Arkivforbundet, Strategisk råd for privatarkiv og KS, og vart leda av Arkivverket. Aktørane blei valde for å representere ulike område av arkivfeltet og ulike kompetansefelt. Det var viktig for Arkivverket å sikre ei god forankring av arbeidet i heile sektoren.

Arbeidsgruppa fekk eit breitt mandat:

- Kartlegge og prioritere dei mest prekære utfordringane i sektoren, samt identifisere kva for framtidige utfordringar sektoren står ovanfor.
- Skildre kva tiltaksområde som bidrar til å dekke behova og løyse dei framtidige utfordringane.
- Vurdere målgruppa for arkivmidlane.
- Utarbeide eit forslag til eit program for bruk av arkivmidlane for perioden 2023-2026 som inkluderer:
 - skildring av nasjonale innsatsområde med grunngjeving.
 - prinsipp for løyvingar, inkludert prinsipp for prioritering av tiltak det søkast støtte til under kvart tiltaksområde.
- Forslag til forvaltning (inkl. evaluering og revisjon) av programmet.

- Vurdere kva for framtidige ressurs- og finansieringsbehov som må dekkast for å tilfredsstillе dei kartlagde behova og foreslå ein plan for eventuell auke av midlane, skildring av ambisjonsnivå og praktisk gjennomføringsplan.

Mandatet presiserer at arbeidsgruppa skal foreslå ein meir føremålstenleg bruk av arkivmidlane. Forslaget skal og bygge opp under målsettingane Arkivverket har om økt digital tilgang til arkivmateriale, sterk og synleg fagmyndigheit som sikrar samfunnets arkiver, brukarvennleg digital arkivering og effektive og pålitelege fellestøysingar.

Gjennomføringa av prosjektet

Arbeidsgruppa gjennomførte fyrste møte på Teams 30. mai 2022. I løpet av sommaren og hausten 2022 møttest arbeidsgruppa ytterlegare 5 gonger, alle og på Teams. Gruppa hadde siste møte 18. november, og den endelege rapporten var ferdig 05.12.2022.

Frå starten var det ynskjeleg at gruppa skulle vere ei *arbeidsgruppe*. Det var planlagt mange arbeidskrevjande oppgåver i prosjektet, som kartlegging, undersøkingar, tyding av data og rapportskriving. Men alle representantane i gruppa var og er travle folk! Arkivverket hadde satt av tid og ressursar til prosjektet i form av 3 representantar i gruppa. Det blei difor naturleg at den største arbeidsbyrda falt på desse. Arbeidsgruppa gjekk over til å vere meir ei *referansegruppe* som ga rettleiing og støtte i arbeidet, ut ifrå medlemmane si rolle og perspektiv.


Føresetnader i sektoren

Bevaringsinstitusjonane er i klart fleirtal når det gjeld søknader til arkivmidlane. Dei dominerer søkarmassen til innsatsområdet for privatarkiv og er også ein solid del av søkarmassen til innsatsområdet for offentlege arkiv. Til saman tek desse institusjonane vare på over 600 000 hyllemeter analoge arkiv og over 4 500 digitalt skapte arkiv (200 000 GB). Til tross for dette, har mange av dei svært knappe ressursar for å handtere kulturarvmaterialet. Spesielt gjeld dette biblioteka og musea. 3 av 4 av desse har i underkant av 1 årsverk tilgjengeleg til dette arbeidet. I arkivinstitusjonane er ressursituasjonen noko betre, men også her er ressursane ofte knappe sett opp mot det arbeidet som krevjast.⁵



⁵ Arkivverket, «Statistikk for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum 2021», s. 28

I kommunane er ressursituasjonen på mange måtar lik den i bevaringsinstitusjonane. I 2019 var det heile 80 % av kommunane som hadde under 5 årsverk til arkivarbeid.⁶ I 2022 svarte svært mange kommunar at dei ikkje har nok ressursar til å gjennomføre arbeidsoppgåvene innan arkiv som påleggast av lovverket.⁷ Mange kommunar rapporterer og om manglande kompetanse innanfor fleire område knytt til dokumentasjonsforvaltning og arkiv.




Dei knappe ressursane gjer at institusjonane og kommunane må prioritere den dagleg drifta. Dei er difor i stor grad avhengige av eksterne midlar for å klare å gjere noko «i tillegg». Erfaring viser at sjølv med eksterne midlar kan det vere ei utfordring å sette i stand store, innovative tiltak som kan skalerast og inkluderer fleire aktørar.

Målgruppa for arkivmidlane

Sjølv om det per i dag er flest bevaringsinstitusjonar og kommunar/fylkeskommunar som søker om arkivmidlar, meiner arbeidsgruppa at fleire relevante aktørar bør søke – anten sjølve eller som samarbeidspartnarar. For å oppnå innovasjon i sektoren er det naudsynt at bevaringsinstitusjonane og kommunane/fylkeskommunane samarbeider, til dømes med utviklarar, ulike typar leverandørar, utdanningsinstitusjonar, interesseorganisasjonar eller andre private aktørar. Det er også naudsynt at institusjonane og kommunane samarbeider seg imellom. Arbeidsgruppa har laga ei oversikt over arkivfeltet slik me ser det i dag. Oversikta omfattar bevaringsinstitusjonar, arkivskaparar og dei eksterne og kringliggande aktørane/miljøa som me meiner er viktig å få med på laget viss me skal klare å få til innovative tiltak på fagområdet både i dag og i framtida.

⁶ Det er ikkje henta inn tal på dette sidan 2019. <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/kommunearkiver/tidligere-ar-publikasjoner-og-radata>

⁷ <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/kommunearkiver/resultater-fra-undersokelsen-2022>



Kartlegging av behov

Arbeidsgruppa har hatt i oppgåve å finna fram til dei mest prekære utfordringane i sektoren i dag, samt identifisere kva for framtidige utfordringar sektoren står ovanfor. For at framstillinga skal vere representativ for utfordringane i dag, har det vore eit poeng å nytte mest mogleg oppdatert bakgrunnsdata, samstundes som me har henta innspel gjennom ei ny undersøking gjennomført hausten 2022.


Resultat frå undersøkinga

For å avdekke behova i arkivsektoren har Arkivverket gjennomført ei undersøking for eit utval aktørar. 211 verksemder fekk spørsmål knytt til arkivmidlane og kva behov dei har for å gjennomføre tiltak som fell utanfor den daglege drifta.

35 av 55 arkivbevarande institusjonar (64 %) og 53 av 150 arkivskaparar (35 %) svarte på undersøkinga. I alt svarte 91 aktørar heilt eller delvis på undersøkinga – ein andel på 43 %.⁸

⁸ Sjå vedlegg for utvalskriterium.

Dei fekk spørsmål om kva noverande og framtidige behov på arkiv- og dokumentasjonsfeltet det er viktigast at arkivmidlane vert nytta til. Dei skulle rangere fem utfordringar. Fire av desse var knytt til verdikjeda for arkiv, medan den siste handla om planarbeid og samarbeid.



Både arkivskaparar og arkivbevarande institusjonar har rangert utfordringa med handtering av digitalt skapt arkiv som den største utfordringa på feltet. Her ligg utfordringar knytt til overføring av arkiv til depot, produksjon av arkivuttrekk, metadata og langtidslagring av digitalt skapt arkiv. Arkiv-institusjonane rangerer utfordringar knytt til bevaring, formidling og tilgjengeleggjering som dei neste store utfordringane, medan arkivskaparane har rangert utfordringar knytt til arkivdanning og bruk høgt. Planarbeid og samarbeid blir sett på som ei mindre utfordring for respondentane. Sjå elles vedlegg for grundigare gjennomgang av undersøkinga.

Arkivstatistikken

Arkivstatistikken for 2021 peikar på mange av dei same utfordringane som kjem fram i undersøkinga. Det gjeld særskilt situasjonen for dei digitalt skapte arkiva, og spesielt for privatarkiva. Bevaring av privatarkiv, både digitalt skapte og papirbaserte, ligg langt etter tilsvarende for dei offentlege arkiva. Mengdene av privatarkiv som er ordna, katalogisert, digitalisert og publisert er svært liten sett opp mot dei offentlege arkiva. Institusjonane nyttar framleis mange ulike verktøy og løysningar i sitt arkivarbeid, og slit med få ressursar. Berre 1,7 % av bestanden til arkivsektoren er digitalisert.

Nettverket for privatarkiv i Noreg

Nettverket for privatarkiv i Noreg melder om behov for kompetanseheving og kompetanseutvikling på mottak og bevaring av digitalt skapt dokumentasjon. Dei framhevar behovet for bevaring og tilgjengeleggjering av viktige privatarkiv og understrekar at arkivmidlane er heilt avgjerande for bevaringsarbeidet i sektoren. Fleire i nettverket melder også om behov for midlar til arkivformidling for å belyse arkivas samfunnsrolle.

Stat- og kommuneundersøkinga

Stat- og kommuneundersøkinga handlar fyrst og fremst om verksemdene sine lovpålagde drifts- og kjerneoppgåver når det kjem til dokumentasjon og arkiv. Dette er oppgåver som er ekskluderte frå arkivmidlane sidan det er ein del av ordinær drift. Men undersøkinga frå 2021 inneheld eit kapittel om

Arkivverket si satsing på innebygd arkivering. Ei satsing som dei siste par åra har hatt ein plass i utlysinga til arkivmidlane. Undersøkinga peikar difor på nokre tilhøve som kan vere relevante i arbeidet med framtidens arkivmidlar. Den visar at det er relativt få kommunar og statlege verksemder som kjenner godt til-, eller har starta arbeidet med innebygd arkivering. Det store fleirtalet arbeidar ikkje med det, og har inga eller liten kjennskap til satsinga. Dei som har starta arbeidet, totalt 23 %, melder om fleire behov. For kommunane gjeld dette i hovudsak økonomisk støtte, rettleiing, eksempel å sjå til og ein tydeleg retning frå Arkivverket. For statlege verksemder er det ikkje fyrst og fremst økonomisk støtte, men gode døme og ei tydeleg retning frå Arkivverket som er behova.

Identifikasjon av tiltaksområder

Det går klart fram av kjeldene at det mest presserande behovet for sektoren generelt er handtering av digitalt skapt arkiv. Det er sannsynlegvis inga overrasking for nokon som arbeidar med arkiv og dokumentasjon. Spørsmålet ein derimot må stille seg er korleis ein skal møte det behovet.

Arkivmidlane utgjer i dag 12,3 mill. årleg. Sektoren si enorme utfordring med dei digitalt skapte arkiva kan ikkje løysast av desse midlane åleine. Det vil krevje store ressursar og ein brei fagleg innsats for å takle denne utfordringa. Ikkje minst vil det krevje at sektoren tenker nytt og våger å prøve nye løysingar. Og her ser arbeidsgruppa at midlane kan utgjere ein skilnad. Dei kan gi ulike aktørar i sektoren moglegheit, spelarom og kompetanse på nettopp nytenking og innovasjon for arkiv og dokumentasjon. Midlane kan bidra til å realisere dei gode ideane og gi læring både der det lukkast, men og der det feilast. Dei kan utstyre sektoren for å møte dagens og framtidens utfordringar på arkivfeltet med sjølvtilitt og vilje til å utforske og tenke nytt.

Kartlegginga visar og at eit anna godt kjent behov; bevaring og tilgjengeleggjering av privatarkiv, framleis er ei stor utfordring. Men dette er heller ikkje ei utfordring arkivmidlane kan løyse åleine. Det vil krevja mykje ressursar og tid for å hente inn etterslepet og få arkiva klar for bruk. No har som sagt både Nasjonalbiblioteket og Arkivverket satsingar som skal hjelpe sektoren med nettopp tilgjengeleggjering og bevaring av arkiva. Det gjeld Nasjonalbiblioteket sin kulturarvdigitalisering og Arkivverket sitt digitalarkiv. Men før ein kan digitalisere og publisere arkiv, er det naudsynt at dei er sikra, ordna og katalogiserte. Og det er inga offentleg finansiert ordning eller etat som sørger for det i dag. Det er opp til den einskilde institusjon. Her ser arbeidsgruppa at midlane kan utgjere ein viktig skilnad. Dei kan hjelpe sektoren med den fyrste og heilt naudsynte delen av arbeidet for å få meir av kulturarven digitalisert og publisert for offentlegheita.

Inspirasjon frå andre ordningar

Nasjonalarkivet i Storbritannia har fleire ulike type ordningar for utdeling av midlar til arkivsektoren. Det er Nasjonalarkivets eigne midlar, og til dels midlar frå samarbeidande stiftingar eller ekstraordinære løyvingar frå regjeringa, som finansierar ordningane. Me har funne inspirasjon i spesielt ein av desse ordningane, det såkalla «Collaborate and Innovate-programmet».

Collaborate and Innovate er ein del av Nasjonalarkivet sin strategi for å møte arkivsektoren sine digitale ambisjonar. Formålet med programmet er å styrke arkivsektoren sin bruk av kreativitet og innovasjon for å utvikle idear og løysingar, spesielt innanfor det digitale. Arkivsektoren skal kunne teste (og feile!) for å lære. Programmet skal bidra til å gjere arkivtenester og nettverk robuste, effektive, gode på samarbeid og ikkje minst gi dei sjølvtilitt på innovasjon. Eit av innsatsområda er «the Archive testbed fund». Her kan aktørar søke, som vil utforske, pilotere eller utvikle ein innovativ ide som kan lede til positive endringar og forbetringar for ein institusjon eller sektoren elles. Aktørar i heile arkivsektoren kan søke, så lenge dei har ein arkivbestand, at arkiva er tilgjengelege for offentlegheita, at institusjonen har arkivfagleg ekspertise, at leiinga i verksemda støtter tiltaket og at søkar har minst 50 %

eigenfinansiering i prosjektet. Eit panel av fire representantar frå ulike delar av Nasjonalarkivet vurderer søknadane.

Tiltak som har fått støtte det siste året inkluderer mellom anna utvikling av automatiserte løysingar, bruk av VR i formidling og tilgjengeleggjering, strategiar for å nå ut til nye brukarar og nytt publikum, utvikling av arkivbestand og representativitet i samlingar, av-kolonisering av arkiv og copyright problematikk. Som Nasjonalarkivet seier: (fritt oversett) "Arkivsektoren består av et breitt spekter av personar med kompetanse, erfaring, kapasitet og talent til å formulera nye og innovative idear for prosjekt, system, prosessar og metodar som, om utvikla, kan ha ein transformativ betydning for arbeidet med og i arkiva."⁹

Nasjonalbiblioteket (NB) og Kulturrådet i Noreg forvaltar finansielle ordningar tilsvarande arkivmidlane, høvesvis for bibliotek¹⁰- og museumssektoren¹¹. Begge etatane har klare formuleringar når det gjeld målgruppe. NB skriv at folke-, fylkes- og fagbibliotek kan søke, men at skulebibliotek ikkje kan søke anna enn som samarbeidspart. Kulturrådet skriv at museum og museumsnettverk kan søke, og vil prioritere prosjekt i regi av dei faglege museumsnettverka. Begge etatane oppfordrar til samarbeid mellom søkarar og/eller mellom søkarar og andre relevante aktørar.

Begge etatane har også godt definerte programområde der det klart kjem fram kva type prosjekt som kan/bør søke. Kulturrådet har for perioden 2021-2023 lyst ut midlar innanfor: «Digitalisering – mangfold, dialog og samarbeid, Forskning – forskningskompetanse, samarbeid og infrastruktur og Museene som samfunnsaktørar – mangfold, relevans og bærekraft.» NB lyser ut midlar årleg, og lyste i 2022 ut midlar innanfor: Nye samarbeidsformer, Open forskning og bibliotek og FNs bærekraftsmål og bibliotek. Utover dette var det også mogleg å søke om midlar til frie forsøk og forprosjekt.

Verken NB eller Kulturrådet gir støtte til ordinær drift. NB skriv at dei heller ikkje gir støtte til innkjøp av ikt-utstyr, inventar eller medium og utvikling eller marknadsføring av tenester med sikte på sal. Kulturrådet gir som hovudregel ikkje støtte til prosjekt som er igangsett før søknad om støtte er sendt inn. Ingen av etatane avgrensar kor mykje det kan søkast støtte om, men begge trekk fram eigenfinansiering og anna ekstern finansiering som ei forventning.

Elles trekk etatane fram ei rekke andre punkter som dei legg vekt på i prioriteringa mellom søkarar, mellom anna: Prosjektets *nyhende verdi* (ikkje allereie utprøvd), *framtidsperspektiv* (moglegheiter for å utnytte resultat), praktisk *anvendeleighet/overføringsverdi*, forankring i *plandokument* (strategiar og planer), kopling mot *fagnettverk* (t.d. prosjekt i regi av museumsnettverk), *fagleg forankring*, *aktualitet og relevans*, *lokal forankring* i form av medfinansiering, samarbeid om fellestenester o.l., *profesjonalitet*, *kvalitet og gjennomføringsevne*, bevisstheit om og involvering av *målgruppe*, planer for *intern oppfølging*, *kunnskapsoverføring* og *erfaringsformidling*, *relevans ift formålet* med programmet og ivaretaking av *formelle krav*.

Begge etatane krev statusrapport og sluttrapport for prosjekter som har mottatt støtte. Kulturrådet skriv at manglande rapportering i tidlegare støtta prosjekt vektleggast i vurderinga av ny søknad.

⁹ <https://www.nationalarchives.gov.uk/archives-sector/finding-funding/collaborate-and-innovate/archive-testbed-fund/>

¹⁰ <https://bibliotekutvikling.no/ressurser/sok-stotte/eldre-utlysninger-og-tildelinger/utlysning-av-utviklingsmidler-for-2022/>

¹¹ <https://www.kulturradet.no/museum/museumsprogrammene>

Til slutt har begge etatane, og særleg Kulturrådet, laga gode rettleingar på nettsidene for søkerane. Det er enkelt å finne relevant informasjon. NB har også tilrettelagt svært godt for at alle som ynskjer kan få inspirasjon og lese om erfaringar og gevinstar knytt til prosjekta som har fått støtte¹².

Arbeidsgruppa si vurdering

Arbeidsgruppa har spelt inn behov og ynskjer på vegne av sine medlemar både i forkant av dette prosjektet, og gjennom diskusjonar på arbeidsmøta sommaren og hausten 2022. Alle framhevar behovet for innovasjon i sektoren. Det gjeld for heile verdikjeda til arkiv og dokumentasjon, og både for offentleg- og privatarkiv. Sektoren må vere budd på ulike typar utfordringar i framtida, og det krev kompetanse og vilje til å tenke nytt og gå utfordringane i møte. Innovasjon i måten sektoren jobbar på og løyser sine oppgåver er og eit spørsmål om berekraft. Dette er noko som alle må forhalda seg meir til framover. Det er ikkje lenger berre eit val om innovasjon, men eit stadig sterkare krav.

Arbeidsgruppa er og samde om at samarbeid mellom ulike typar aktørar, og utanfor den tradisjonelle «arkivsektoren», vil bli desto viktigare framover. Definisjonen av målgruppa for midlane må difor ikkje setje avgrensingar som gjer at me går glipp av dei beste løysingane. Samstundes er dette midlar som skal styrke arkivsektoren og bidra til sterke arkivfaglege miljø og institusjonar. Målgruppa må difor vere inkluderande, men samstundes ha nokon rammer som sørger for at midlane ender opp i «sektoren».

Behova i sektoren er både store og små. Om utlysinga og innsatsområda blir for avgrensa og strenge, vil omfanget av søknader fortsette å falle, og me vil ikkje klare å synleggjere det reelle behovet i sektoren. Det kan lett føre til ein oppfatning at det ikkje er behov for noko økt finansiering. Arbeidsgruppa ynskjer difor eit meir inkluderande program i 2023 – 2026. Det betyr færre absolutte krav og kriterium. Programmet må treffe heile sektoren, og opne for fleire typar prosjekt og utviklingstiltak. Utlysinga må få eit klart språk og tydelege formuleringar som gjer det enkelt for søker å forstå kva tiltak ein kan søka om, og kva som fell utanfor. Programmet skal bidra til å drive utviklinga på fagfeltet framover, men må og sørge for at alle kan vere med. Arbeidsgruppa meiner at det er viktig å sjå ynskje om innovasjon opp mot dei faktiske føresetnadene i sektoren og tilpasse utlysing, innsatsområde og kriteria for tildeling deretter.

Forslag til utlysingstekst 2023 – 2026

Riksarkivaren forvaltar prosjekt- og utviklingsmidlar til arkivformål. I år er det satt av xx millionar kroner av speleoverskotet til Norsk Tipping. Søknadsfrist er

Søkar kan be om ei samtale med Arkivverket om søknaden/tiltaket. Søkar meldar om dette til e-post utviklingsmidler@arkivverket.no seinast 1 månad før fristen for innsending av søknad.

Kven kan søke?

- Institusjonar som bevarer og gjer tilgjengeleg arkiv frå offentleg eller privat verksemd.
- Dokumentasjonsfaglege miljø i kommunal forvaltning.
- Arkivfaglege medlems- og interesseorganisasjonar

Me oppfordrar til samarbeidsprosjekt. Me oppfordrar søkerar til å samarbeide med andre relevante aktørar, til dømes utviklings- og forskingsmiljø og private aktørar.

¹² <https://bibliotekutvikling.no/prosjektbank/>

I 2023 deler Riksarkivaren ut midlar innanfor to programområde. For begge programområda fattar Arkiverket vedtak etter ein heilskapleg vurdering. For alle programma vert søknadane vurdert etter følgande kriterium:

- Om tiltaket er relevant i forhold til programma sine formål
- Om tiltaket er eit samarbeidstiltak med ulike typar aktørar
- Om tiltaket fører til kompetanseheving i institusjonen
- Om søkar kan vise til ein realistisk prosjektplan og budsjett
- Forseinkingar som ikkje er avtalt, eller manglande rapport/rekneskap i tidlegare saker kor søkaren har fått tilskot, vil bli vektlagt i vurderinga av søknaden.

Arkiverket gir ikkje støtte til ordinær drift for desse midlane. Det inkluderer innkjøp av ikt-utstyr og inventar. Arkiverket gir heller ikkje støtte til utvikling eller marknadsføring av tenester med sikte på sal.

Alle søkarar som får tilskot må levere status-/sluttrapport og kan bli bedt om å dele sine erfaringar med sektoren, t.d. på erfaringsseminar.

Programområde 1: Innovasjonsarena for arkiv og dokumentasjon (IDA)

Fagområdet for dokumentasjonsforvaltning og arkiv har dei siste 20 åra vore prega av lite innovasjon og modernisering. Dette til tross for at arkivsektoren har eit stort behov for innovative tiltak for å forbetre kvaliteten på fleire felt knytt til både den eksisterande- og den framtidige kulturarven. Det gjeld både for dei offentlege og private arkiva. Men innovasjon og modernisering kjem ikkje av seg sjølv. Det krev tid og ressursar, og ein arena som opnar for læring, prøving og feiling.

Innsatsområde 1.1.: Arkivspira

Arkivspira skal dyrke innovasjon for betre arkiv og dokumentasjon. Innsatsområdet legg til rette for kunnskapsutvikling, samarbeid, fornying og omstilling i arkivsektoren kor det er naudsynt å tenke nytt og kreativt, og gjerne utradisjonelt. Arkivspira er tilgjengeleg for søkarar som vil teste, utforske, pilotere eller utvikle ein idé, arbeidsmåte, metodikk eller løysing. Døme på relevante tema kan vere bruk av kunstig intelligens, automatisering av arbeidsprosessar, utvikling av ny metodikk, brukarfokus med meir.

Formålet med Arkivspira er å gi spelerom, erfaring, kompetanse og sjølvtilitt på innovasjon. Ei forbetring og effektivisering i måten me forvaltar, bevarer, gjer tilgjengeleg eller formidlar arkiv på vil vere eit pluss. Arkivspira opnar òg for søknadar til forprosjekt for større planlagde tiltak innanfor programområdet Innovasjonsarena for arkiv og dokumentasjon.

Me forventar ikkje at alle tiltak som får støtte leverer på målsettinga. Formålet er den læringa, kompetansen og erfaringa som skjer i gjennomføringa av tiltaket.

Krav til tiltaket:

- Maks 1 år
- Maks kr. 250 000
- Søker må levere læringsrapport, i tillegg til sluttrapport

Det er ein styrke viss:

- Tiltaket er eit samarbeidstiltak med ulike typar aktørar
- Tiltaket har overføringsverdi til heile eller delar av arkivfeltet
- Tiltaket omhandlar handtering av digitalt skapt arkiv

Innsatsområde 1.2: Arkivveksthuset

Tiltak som har fått støtte til- og gjennomført eit forprosjekt i Arkivspira, kan søke om støtte frå Arkivveksthuset til realisering av det planlagde prosjektet. Det er ein føresetnad at søkar har levert sluttrapport og/eller statusrapport frå forprosjektet innanfor tidsfristen. Tiltak som har gjennomført eit forprosjekt utanfor arkivspira kan også søke. Føresetnad er at resultat frå forprosjekt leggst ved søknaden.

Formålet med Arkivveksthuset er å bidra til at gode idear blir realisert.

Krav til tiltaket:

- Maks 3-årig
- Tiltaket må starte seinast 1 år etter forprosjekt er ferdig

Det er ein styrke viss:

- Tiltaket er eit samarbeidstiltak med ulike typar aktørar
- Tiltaket har overføringsverdi til heile eller delar av arkivfeltet
- Tiltaket omhandlar handtering av digitalt skapt arkiv
- Tiltaket har eigenfinansiering og/eller anna finansiering

Programområde 2: Startskot for tilgjengeleggjering av kulturarven

Til tross for mange initiativ og tiltak i sektoren, ligg framleis bevaring og tilgjengeliggjering av privatarkiv langt etter tilsvarande for dei offentlege arkiva. Verst er det for dei digitalt skapte arkiva, der under 10 % av bevarte uttrekk er frå privat sektor. Ein tredel av privatarkiva er ikkje ordna, og 49 % er utan publisert kataloginformasjon.

Programområdet legg til rette for sikring, ordning og katalogisering av privatarkiv. Formålet med programmet er å bidra til at viktige privatarkiv i heile landet blir tilgjengeleggjort for bruk gjennom publisering av kataloginformasjon.

Krav til tiltaket:

- Maks 3 år – men kan berre søke for eit år om gongen
- Arkivkatalog må som hovudregel registrerast i Asta og publisert på Arkivportalen. Andre nasjonale fellesløyser kan og vere aktuelle, men vil vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- Arkivet må forvaltast av ein bevaringsinstitusjon
- Arkivet må bli gjort tilgjengeleg for offentlegheita, så langt dette er mogleg

Det er ei styrke viss:

- Tiltaket omhandlar sikring og tilgjengeleggjering av digitalt skapte arkiv
- Tiltaket er samordna med fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv
- Arkivet er i samsvar med regionalt- eller nasjonalt planarbeid
- Arkivet omhandlar underdokumenterte grupper eller minoritetar
- Arkivet står i umiddelbar fare for å gå tapt
- Arkivet har potensiale til å nå ut til nye brukargrupper

Arkivmidlane vidare

Behov for finansiering:

Det ligg store utgifter knytt til dei behova som arbeidsgruppa har identifisert i rapporten. For nokre behov er det enkelt å talfeste kostnadane, for andre er det meir komplisert.

Programområde 1 Innovasjonsarena for dokumentasjon og arkiv:

Utvikling av nye og meir effektive metodar, prosessar og løysningar vil kunne gi ein stor gevinst for både arbeidet med etterslepet og utfordringane knytt til det komande kulturarvsmaterialet. Men for å få til innovasjon og kontinuerleg fornying og forenkling må ein ha moglegheit og ressursar. Som vist i rapporten, er det ofte skralt med ressursar i sektoren. Og moglegheita til å drive aktivitetar utanfor den naudsynte daglege drifta er svært vanskeleg.

Det er arbeidsgruppa sitt mål at programområde 1 : Innovasjonsarena for arkiv og dokumentasjon, vil gi institusjonane dei ressursane og det spelerommet som krevjast for å trenar på- og skapa meir innovasjon og effektivisering. Vår ambisjon er at det årleg vil kome 25 søknadar til Arkivspira, og at det er søknader som er spreidd på geografi, institusjonstype, offentleg- og privatarkivutfordringar og heile verdikjeda til arkiv og dokumentasjon. Så er det eit mål at minst 7 søknadar kjem inn til Arkivveksthuset kvart år.

Programområde 2 Startskot for tilgjengeleggjering av kulturarven:

Ordningsetterslepet i ABM-sektoren er totalt på meir enn 170 000 hyllemeter, og bestanden av uordna privatarkiv nærare 42 000 hyllemeter åleine. Om alle uordna arkiva skal ordnast og katalogiserast i den frie marknaden vil dette koste 1,2 milliardar – og nærare 300 millionar for privatarkiva åleine.¹³ I 2022 er arkivmidlane på 12,3 mill. Om alle midlane blei nytta til innhenting av etterslepet på privatarkiv, ville det utgjere rundt 1 750 hyllemeter. Tilveksten av privatarkiv dei siste fem åra har i gjennomsnitt vore 5 631 hm per år. For å ordne tilveksten åleine krevjast 40 millionar årleg. Reknestykket illustrerer godt gapet mellom behovet og verkelegheita, og at ein bør finne meir effektive metodar å gjennomføre arbeidet på.

Det er ambisjonen til arbeidsgruppa at Programområde 2: Startskot for tilgjengeleggjering av kulturarven vil gje ein gevinst på 3 000 hyllemeter sikra og katalogiserte privatarkiv i perioden 2023-2026. Delen av privatarkiv som ikkje er ordna vil på den måten kunne gå ned frå 30% til 28%¹⁴ medan delen av privatarkiv som ikkje er publisert på Arkivportalen vil kunne minske frå 49% til 46% .¹⁵ Men dette er før ein reknar inn tilveksten av privatarkiv som kjem kvart år til bevaringsinstitusjonane. Dei nasjonale og regionale bevaringsplanane peiker alle på at store delar av privat nærings- og organisasjonsliv ikkje har overført arkiva sine til bevaringsinstitusjonar, så det er sannsynleg å tru at tilveksten berre vil auke. Prosentsatsen er heller ikkje medrekna det arbeidet som uansett skjer dagleg i institusjonane for å hente inn etterslepet. Ein kan difor ikkje måle gevinsten i dette reknestykket åleine.

Me har dessverre dårleg kunnskap om handteringa av digitalt skapt materiale i sektoren. Me veit lite om tilhøva til dei digitalt skapte arkiva både i bevaringsinstitusjonane og ute hjå arkivskaparane – og omfanget og behovet er vanskeleg å sei noko sikkert om. Det gjeld både for dei offentlege- og dei private arkiva. Arbeidsgruppa ser eit behov for at denne typen opplysningar blir samla inn. Det me veit av Arkivstatistikken slik den er utforma i dag er at den digitalt skapte bestanden ligg på 4 502 uttrekk, rundt 217 896 GB.

Situasjonen slik den er i dag gjer det difor ikkje lett å talfeste eit mål for arbeidsgruppa på dette feltet. Det me kan sei noko om, er ambisjonen om fleire søknadar som adresserer behovet. Dei siste par åra har det vore eit fåtal søknadar som omhandlar bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. Berre 403 av dei 4 502 uttrekka i bevaringsinstitusjonane er frå private arkivskaparar. Med

¹³ Kostpris på kr. 7.000,- per hyllemeter.

¹⁴ 30,4% til 28,22%,

¹⁵ 49% til 46,8%. Arkivstatistikken 2021 s. 16


moglegheitene som nå ligg i programområde 2, håpar arbeidsgruppa at det vil kome minst 10 søknadar kvart år med formål å sikre digitalt skapte privatarkiv.

Opptrapping av arkivmidlane

Arkivmidlane kan ikkje løyse alle behov og utfordringar i sektoren. Som tidlegare nemnt vil det krevje enorme ressursar å takle dei utfordringane som finst i dag, og ikkje minst for å takle utfordringane i framtida. Arkivverket er allereie i gang med satsingane rundt Digitalarkivet og Innebygd arkivering for å svare på nokre av utfordringane. Nasjonalbiblioteket har fått utvida sitt mandat i kulturarvdigitaliseringa, og det skjer mykje viktig arbeid i bevaringsinstitusjonane og dei kommunale fagmiljøa. Arkivmidlane må finne sin plass i dette lappeteppet av institusjonar og satsingar.

Arbeidsgruppa meiner at forslaget til program for 2023-2026 nettopp etablerer denne plassen for midlane. Dei er sektoren sine, og skal gå til behova som sektoren har. Dei skal ikkje nyttast til andre satsingar som allereie er i gang og har finansiering, men skal heile tida bygga opp under desse måla. Dei skal styrke- og bidra til ei heving av dei arkivfaglege miljøa og kompetansen på tvers av geografi og institusjonar.

Det vil vere eit behov for opptrapping av midlane på sikt. Gjennom budsjettsøknaden frå Arkivverket til Kulturdepartementet for 2023 søkast det om ein opptrappingsplan frå 12,3 til 20 millionar, og deretter ein auke på fem millionar årleg fram til 2026. Den årlege tilskotsramma er deretter tenkt å vere 35 millionar.



Om ein ser på dei behova som er avdekte i denne rapporten, og dei programforslaga som føreligg, ser ein raskt at 35 millionar årleg ikkje vil vere tilstrekkeleg for å løyse alle utfordringar. For å hente inn etterslepet i ordningsarbeidet av kulturarven vil ein fort trenge 10 år, og med ei tilvekst på 5000 hm i året vil ein fort trenge det tidobbelte.¹⁶ Arbeidsgruppa foreslår difor ei auke i søknadsbeløpet for 2023 til 25 millionar, med ei opptrapping på same nivå som tidlegare, slik at disponible midlar i 2026 vert 40 millionar. Dette vil i det minste dekkje kostnader tilsvarande årleg tilvekst i sektoren.¹⁷

¹⁶ 5 000 hm x 10 år x 7 000 kr pr hyllemeter = 350 000 000

¹⁷ Årleg gjennomsnittleg tilvekst: 5 631 hm x 7 000 kr pr hm = 39 417 000 kr.

For å gje aktørar i heile sektoren og i heile landet spelerom for innovasjon og kompetanseheving, vil det krevje store ressursar. Arkivsektoren består av minst 152 bevaringsinstitusjonar¹⁸ og ein heil del arkivfaglege miljø, organisasjonar og kringliggande aktørar. Med den økonomiske ramma som føreligg i dag, vil det ta lang tid før ein kan sjå at heile sektoren får nytte godt av moglegheita arkivmidlane gir.

Gjennom statsbudsjettet for 2023 går det fram at prognosen frå Norsk Tipping viser ei auke i årsresultatet som vil føre til auke i midlane som skal fordelast til kulturformål på 30,7 millionar – totalt 956,8 millionar. Samstundes vert gåveforsterkningsordninga avvikla, noko som fører til at 70 millionar må overførast andre kulturformål. Arbeidsgruppa meiner at det vil kunne utgjere ein stor skilnad for arkivsektoren dersom ein større del av speleoverskot fordelast til arkivtiltak. Ei auke i midlar vil gje store gevinstar i ein sektor der behova er store og midlane små.

Korleis kan me sørge for at gevinstante når ut til sektoren

Arkivverket har eit overordna ansvar for utvikling av arkivsektoren og skal bidra til samhandling om utvikling og deling av digital kompetanse i sektoren. For å sikre at kompetansen og kunnskapen som spring ut av dei forskjellige prosjekta vert vidareført og tilgjengeleg for sektoren, må Arkivverket utvikle tenestene sine.

Per dags dato publiserer Arkivverket alle innsendte sluttrapportar på etaten sine heimesider. Dette er ei minimumsløysing. Arbeidsgruppa har merka seg at både Nasjonalbiblioteket og Kulturrådet har gitt kunnskapsoverføring og spreing av erfaring frå prosjekta som har fått støtte mykje plass på heimesidene sine. NB har til og med laga ein open prosjektbank på domenet bibliotekutvikling.no, der dei gjev alle enkel tilgang til resultat og gevinstar frå prosjekta som har fått støtte.¹⁹ Arbeidsgruppa anbefaler Arkivverket å tenke i dei same banane.

Det er også viktig at andre verkemiddel tas i bruk for å sikre at gevinstante frå prosjekta når ut til flest mogleg. Arkivverket har tidlegare arrangert seminar der deltakarar frå prosjekt som har motteke støtte har heldt innlegg for å dele erfaringar og gevinstar frå prosjekta. Etter to år med koronastengde seminarrom er det viktig at Arkivverket igjen arrangerer erfaringsseminar for å bidra til kunnskapsdeling.

Ei anna viktig brikke for overføring av kunnskap og kompetanse er dei fylkeskoordinerande institusjonane for privatarkiv. Institusjonane koordinerer det regionale bevaringsarbeidet, og held med dette kontakt med mange av dei arkivbevarande institusjonane i sin region og vil vere ein naturleg spreiar av arkivrelatert informasjon.

Til sist er det naudsynt at Arkivverket legg vekt på kunnskapsoverføring og opne løysingar også i framtidige utlysingstekster.

Anbefaling om evaluering og ny arbeidsgruppe i 2025

Arbeidsgruppa for 2023 – 2026 anbefaler at Arkivverket set ned ei ny arbeidsgruppe i 2025 for å evaluere resultatene av dei nye programområda, og for å utforme program for neste periode. Evalueringa må sjå om programmet har levert på målsettinga og dei estimerte gevinstante. Utforminga av nytt program for 2027 – 2030 må sjåast på bakgrunn av nye økonomiske rammer for ordninga.

¹⁸ Arkivstatistikken 2021: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tal-og-analyser-2021>

¹⁹ <https://bibliotekutvikling.no/prosjektbank/>

Arbeidsgruppa anbefaler ei breidt samansett gruppe med representantar frå heile sektoren. Det må setjast av tilstrekkeleg tid dersom mandatet skal innehalde ei evaluering av ordninga, attmed utforming av nytt program.

Det er eit klart mål og ynskje frå arbeidsgruppa at arkivmidlane får ei auke i løyvingane dei neste åra. Heile sektoren må arbeide for at dette skal skje, på dei arenaene og med dei verkemidla ein har til rådighet. Då er det ein føresetnad at midlane kjenst relevante og inkluderande for heile feltet. Arbeidsgruppa meiner at forslaget til nytt program for 2023 – 2026, og forslag om evaluering og revidering i 2025 , er noko sektoren vil kunne stille seg bak. Saman må me jobbe for å få auka dei økonomiske rammene og sørge for at midlane i framtida svarar på behova som sektoren har.

Vedlegg:

- Rapport frå undersøkinga

Grunnlagsdata til utarbeiding av program for Riksarkivarens prosjekt- og utviklingsmidlar til arkivformål

Innhald

Undersøking om Riksarkivarens utviklingsmidlar 2022	2
Innspel frå Nettverk for privatarkiv 2021/2022	10
Arkivstatistikken 2021	11
Stat- og kommuneundersøkinga 2021	12

Undersøking om Riksarkivarens utviklingsmidlar 2022

For å avdekke behova i arkivsektoren har Arkivverket gjennomført ei undersøking der eit utval aktørar innanfor sektoren blei spurd forskjellige spørsmål knytt til utviklingsmidlane og kva behov dei har for å gjennomføre tiltak som fell utanfor den daglege drifta hjå aktørane.

Undersøkinga blei sendt til 211 utvalde verksemder. 35 av 55 arkivbevarande institusjonar (64 %) og 53 av 150 arkivskaparar (35 %) svarte på undersøkinga, i tillegg til tre arkivfaglege interesseinstitusjonar. I alt svarte 91 aktørar heilt eller delvis på undersøkinga – ein svardel på 43 %.

Blant bevaringsinstitusjonane finn ein både IKA, byarkiv, bibliotek, arkivinstitusjonar og museum. Blant arkivskaparane finn ein statlege, fylkeskommunale, kommunale og private verksemder.¹

Oppslutning om undersøkinga				
Type verksemd	Spurde	Nokre svar	Alle svar	Oppslutning ²
IKA/byarkiv	21	2	14	76 %
Museum	21	0	12	57 %
Andre arkivinstitusjonar	13	0	7	54 %
Alle arkivbevarande institusjonar	55	2	33	64 %
Arkivfaglege interesseorganisasjonar³	6	0	3	50 %
Statlege aktørar	26	2	12	54 %
Fylkeskommunale aktørar	10	0	5	50 %
Kommunale aktørar	36	4	15	53 %
Private aktørar	78	2	13	19 %
Alle arkivskaparar	150	8	45	35 %
Alle respondentar	211	10	81	43 %

¹ For å velje respondentar til undersøkinga har me nytta forskjellige utvalskriterium frå dei forskjellige verksemdstypene. Frå bevaringsinstitusjonane har me tatt utgangspunkt i Arkivstatistikken 2021. Me har spurd alle IKA/byarkiv, arkivinstitusjonar, fagbiblioteka og dokumententer med stor arkivbestand, og dei 20 musea med størst arkivbestand. Me har også spurd institusjonar med koordinerande ansvar for privatarkiv frå privatarkivstrategien til Arkivverket. Frå arkivskaparane har me tatt utgangspunkt i stat- og kommuneundersøkingane og i den nasjonale planen for privatarkiv. Me har spurd alle fylkeskommunar, ein liten, middels og stor kommune frå kvart fylke (etter innbyggjartal), tre etatar og tre bydelar i Oslo, største eining under kvart departement i staten (etter tal på tilsette) i tillegg til enkelte einingar som relevante for undersøkinga. Me har også spurd organisasjonar med relevans for arkivsaka (m.a. Museumsforbundet, Arkivforbundet, Norsk Arkivråd og KS) Svara frå dei forskjellige aktørane er tilgjengeleg i rådataskjema.

² Svardel for dei som heilt eller delvis har svart på undersøkinga.

³ Museumsforbundet, Arkivforbundet og institutt for arkiv-, bibliotek- og informasjonsvitenskap ved OsloMET har svart på undersøkinga. Norsk Arkivråd, KS og KDRS har ikkje svart på undersøkinga. Me er klar over at ikkje alle desse er arkivfaglege interesseorganisasjonar, men me har likevel definert dei innanfor kategorien i kraft av rolla dei svarte på undersøkinga.

Del 1: Kjennskap til Riksarkivarens utviklingsmidlar

Dei arkivbevarande institusjonane har større kjennskap til utviklingsmidlane enn arkivskaparane. Dette er ikkje overraskande ettersom det er desse som tradisjonelt har vore målgruppa for ordninga.



På spørsmål om verksemdene har søkt om midlar frå Riksarkivarens utviklingsmidlar dei siste fem åra, svarar 83 % av dei arkivbevarande institusjonane ja, medan berre 8 % av arkivskaparane svarar det same. 77 % av dei arkivbevarande institusjonane har mottatt støtte, medan 6 % av arkivskaparane har gjort det same.


Årsaka til at verksemdene ikkje har søkt er hovudsakleg at dei ikkje kjenner til ordninga eller at dei ikkje har kapasitet eller ressursar internt i eiga verksemd til å søke. Fleire statlege og private aktørar føler heller ikkje at dei er del av målgruppa, noko som er rimeleg.

Søknad om midlar til arkivformål frå andre tilskotsgevarar

23 av 35 arkivbevarande institusjonar svarar at dei har søkt midlar frå andre tilskotsgevarar for å realisere arkivprosjekt dei siste åra – 66 %!

10 har søkt *Kulturrådet*, 12 har søkt fylkeskommunar og kommunar, 7 har søkt *Arkivforbundet*, medan 7 har søkt arkivskaparane sjølve om pengar. 12 har søkt *andre*, og her nemnast mellom anna *Forskningsrådet*, *Unesco*, *Fritt ord* og andre mindre fond og stiftingar.

For arkivskaparane er det berre 3 av 47 som har søkt om midlar til arkivformål frå andre tilskotsgevarar.



Den viktigaste årsaka til at verksemdene søker andre tilskots-gjevarar er at utviklingsmidlane ikkje fullfinansierer prosjekta; 12 svarar at tilskotet frå Riksarkivaren var mindre enn behovet. 9 svarar at tiltaket ikkje tilfredstilte tildelingskriteria og 9 svarar at tiltaket fekk avslag frå Riksarkivaren.

Blant dei 7 som har svara *anna årsak* finn ein svar om at finansieringsplanar er basert på fleire bidragsytarar, at prosjektet var større enn fyrst tenkt, og at det dei andre støtteordningane var tematisk relevante for prosjektet.



Del 2: Behova hjå søkaren

Respondentane i undersøkinga blei spurde kva noverande og framtidige behov på arkiv- og dokumentasjonsfeltet dei meiner det er viktigast at prosjekt- og arkivutviklingsmidlane vert nytta til. Dei er bedne rangere fem hovudområde frå 1 til 5, der 1 er viktigast og 5 er minst viktig.

Dei fem hovudområda fylgjer i stor grad verdikjeda: *Arkivdanning og bruk, handtering av digitalt skapt arkiv, bevaring, formidling og tilgjengeleggjering, planarbeid og samarbeid.*

Type verksemd	Respondentar	Arkiv-danning og bruk	Handtering av digitalt skapt arkiv	Bevaring	Formidling og tilgjengeleggjering	Planarbeid og samarbeid
IKA/byarkiv	15	3,33	1,80	3,40	3,13	3,33
Museum	12	3,75	3,25	1,75	2,25	4,00
Andre arkivinstitusjonar	6	4,50	2,50	3,50	3,17	3,83
Alle arkivbevarande institusjonar	33	3,70	2,45	2,82	2,82	3,67
Arkivfaglege interesseorganisasjonar	3	4,67	2,00	2,00	2,33	4,00
Statlege verksemder	13	2,46	1,69	3,54	3,00	3,15
Fylkeskommunale verksemder	5	4,40	2,00	3,20	3,00	2,40
Kommunale verksemder	16	2,25	2,25	2,81	3,44	4,25
Private verksemder	13	3,15	2,92	2,46	3,00	4,62
Alle arkivskaparar	47	2,79	2,26	2,96	3,15	3,85
Alle respondentar	83	3,22	2,33	2,87	2,99	3,78

Grøn: 1,69-2,68 poeng, Gul: 2,69-3,68 poeng, Raud: 3,69-4,67 poeng.

Me har lagt saman poenga innanfor kvar verksemdstype, og delt poenga på talet respondentar for å finne gjennomsnittet.

83 verksemdar har svart på denne delen av undersøkinga. Med unnatak av musea og dei private verksemdene rangerer alle verksemdstypar *handtering av digitalt skapt arkiv* som det viktigaste området. Heile 54 respondentar (33 %) rangerer området som 1 eller 2.

Ein ser elles eit skilje mellom dei arkivbevarande institusjonane og arkivskaparane i at *arkivdanning og bruk* vert rangert høgt hjå arkivskaparane og lågare hjå dei arkivbevarande institusjonane. For musea er *bevaring* det høgast rangerte behovet, og deretter *formidling og tilgjengeleggjering*. *Planarbeid og samarbeid* blir rangert lågt hjå dei fleste, med unnatak av dei fylkeskommunale verksemdene. Dette kan ha samanheng med regionsreform og forslag til ny arkivlov.

Viktige og mindre viktige behov

Dei fem hovudområda har fire underområda/behov som respondentane er bedne rangere frå 1 til 4. Underområda er tenkt skal skildre behova i arkivsektoren. Respondentane fekk også moglegheit til å svare i fritekst under *andre behov*. Behova er ikkje tenkt å skulle dekkje vanleg drift ved verksemdene, men andre tiltak som utviklingsmidlane er tenkt lyst ut til.

Hovudområde	Underområde	IKA/byarkiv	Museum	Andre arkivinstitusjonar	Alle arkivbevarande institusjonar	Arkivfaglege interesseorganisasjonar	Statlege verksemdar	Fylkeskommunale verksemdar	Kommunale verksemdar	Private verksemdar	Alle arkivskaparar	Alle respondantar
Respondantar:		13	12	6	31	3	12	5	15	13	45	79
Handtering av digitalt skapt arkiv	Overføring til depot	6,62	9,08	5,83	7,42	7,67	6,58	6,20	6,87	8,31	7,13	7,27
Handtering av digitalt skapt arkiv	Produksjon av arkivuttrekk	6,77	8,92	8,00	7,84	7,33	5,75	6,80	6,73	8,69	7,04	7,37
Handtering av digitalt skapt arkiv	Metadata	6,92	9,00	7,33	7,81	6,00	5,75	6,40	7,53	8,62	7,24	7,42
Handtering av digitalt skapt arkiv	Langtidslagring av digitalt skapt arkiv	7,08	9,00	6,17	7,65	5,00	5,75	6,60	8,07	8,54	7,42	7,42
Formidling og tilgjengeleggjering	Digital tilgjengeleggjering	8,69	6,17	6,83	7,35	6,00	7,67	7,40	8,33	7,23	7,73	7,52
Bevaring	Bevaringsvurdering	9,92	5,67	8,17	7,94	7,33	9,08	8,20	7,47	6,85	7,80	7,84
Bevaring	Sikring, ordning og registrering av privatarkiv	10,54	4,83	7,67	7,77	5,00	10,42	8,00	8,20	7,23	8,49	8,08
Arkivdanning og bruk	Dokumentfangst	9,31	9,25	10,33	9,48	11,67	6,42	10,40	5,93	7,77	7,09	8,20
Bevaring	Konvertering frå analoge til digitale format	10,31	6,67	8,67	8,58	6,67	9,33	9,80	9,20	8,08	8,98	8,73
Formidling og tilgjengeleggjering	Katalog og metadata	9,46	6,33	7,00	7,77	7,00	8,92	8,40	10,47	9,54	9,56	8,76
Arkivdanning og bruk	Søk og atffinning	9,85	9,50	11,00	9,94	10,67	7,50	11,80	7,00	8,69	8,16	8,95
Formidling og tilgjengeleggjering	Formidling av arkiv i andre kanalar/medium	10,85	7,50	8,00	9,00	7,33	9,25	8,60	10,40	9,23	9,56	9,25
Bevaring	Sanering og konservering	11,38	6,83	9,50	9,26	7,00	11,00	9,60	9,13	8,31	9,44	9,28
Formidling og tilgjengeleggjering	Transkribering	10,69	8,00	8,17	9,16	8,33	9,33	9,60	10,13	8,77	9,47	9,30
Arkivdanning og bruk	Tilgangsstyring	11,15	11,00	11,83	11,23	12,67	8,25	12,20	7,80	9,23	8,82	9,91
Planarbeid og samarbeid	Fellesløysingar	9,85	10,25	8,50	9,74	11,00	8,58	6,80	10,87	11,69	10,04	9,96
Arkivdanning og bruk	Personvern	11,23	10,25	11,50	10,90	12,33	8,33	10,80	8,47	10,31	9,22	10,00
Planarbeid og samarbeid	Innsamlings-/bevarings- og -kassasjonsplanar	10,46	10,50	8,17	10,03	10,00	9,67	8,20	11,33	11,38	10,56	10,33
Planarbeid og samarbeid	Kompetanseheving og kunnskapsdeling	10,62	10,33	9,17	10,23	10,67	8,75	7,00	11,73	12,15	10,53	10,42
Planarbeid og samarbeid	Samarbeid mellom verksemdar	10,62	10,92	8,17	10,26	10,33	9,50	7,20	12,33	12,46	11,04	10,71

Grøn: 4,83-7,44 poeng, Gul: 7,45-10,06 poeng, Raud: 10,07-12,67 poeng.

Poengsummen vert rekna ut ved at ein legg saman poenga frå hovudområda med poenga frå underområda og deretter reknar ut gjennomsnittet innanfor kvar verksemdstypa.⁴

Blant dei 79 respondentane som svarar på denne delen av undersøkinga går det fram at behova er størst innanfor områda som gjeld *handtering av digitalt skapt arkiv*. Alle dei fire underområda hamnar på toppen av lista som den største utfordringa blant respondentane.

Dei arkivbevarande institusjonane har større behov for tiltak innanfor hovudområda *formidling og tilgjengeleggjering* og *bevaring*. Dette gjeld særleg «digital tilgjengeleggjering», «sikring, ordning og registrering av privatarkiv» og «katalog og metadata». I lag med «overføring til depot» og «langtidslagring av digitalt skapt arkiv» er dette tiltaka det er størst behov for blant dei arkivbevarande institusjonane. Det er musea som har størst behov for tiltak innan *bevaring og formidling og tilgjengeleggjering*.

Arkivskaparane har behov for tiltak innanfor *arkivdanning og bruk*, i tillegg til dei som gjeld *handtering av digitalt skapt arkiv*. «Dokumentfangst» vert rangert som det nest største behovet blant arkivskaparane, og særleg blant dei kommunale verksemdene.

Blant behova som vert vurdert lågast finn ein særleg behov innanfor *planarbeid og samarbeid*: «samarbeid mellom verksemdar», «kompetanseheving og kunnskapsdeling» og «innsamlings-, bevarings- og kassasjonsplanar.

Andre behov

Attmed behova som kan rangerast, får respondentane moglegheit til å melde inn *andre behov*. Dei fleste innspela kan samanfattast under alternativ dei allereie har rangert. Elles kommenterer nokre aktørar at ein bør ha større fokus på å utvikle sikre og effektive arkivprosessar som forenkler dokumentfangsten som igjen gjer at dokumentasjonsforvaltninga ikkje vert nedprioritert i verksemdene. Andre skriv at det er behov for arkiv- og informasjonsarkitektur på tvers av system i verksemda, sett i samanheng med verksemdsstyring. Det er også behov for formidlingsløysingar for digitalt skapt arkivmateriale.

⁴ Utrekning av poeng: Poenga frå hovudområde (1-5) multiplisert med 2 + poenga frå underområde (1-4). Eit underområde kan få poeng frå 3 til 14. Legg ein saman poenga frå respondentane innanfor ei verksemdstypa og delar på talet respondentar får ein gjennomsnittet innanfor verksemdstypa.

Utviklingstiltak

Til slutt fekk respondentane spørsmål om dei har behov for andre metodar, verktøy eller ynskje som ikkje eksisterer i dag. Fleire har rapportert inn behov som er viktige for kvar enkelt institusjon, og der innspela fell innunder same tema har me samanfatta. Dette er behova som er mest relevante for arbeidet med utvikling av programmet for utviklingsmidlane:

Poenget er at vi som en mellomstor privat organisasjon overhodet ikke har kjennskap til noen av disse tiltakene. For at bevaring og arkivering skal kunne gjennomføres i private bedrifter/ organisasjoner må det gjøres enkelt, ikke kreve for mye, og helst bør det kunne kombineres med eksisterende publiseringsverktøy og andre verktøy som allerede er i bruk.

- privat verksemd

Fellesløysingar og samhandling i ABM-sektoren: Fleire skriv at det er behov for betre samhandling mellom dei forskjellige nettstadane, portalane, verktøya og katalogane som ABM-sektoren nyttar. Gjenbruk og overføring av metadata, i lag med auka kontekstualisering av kjeldene trekkast fram som drivkraft for at dette bør koma på plass.

Her nemnast samhandling mellom Asta, Primus, Digitalarkivet, Digitalportalen, Digitalt Museum, Wiki og bokhylla (inkl. Nasjonalbiblioteket sitt prosjekt med digitalisering av audiovisuelt materiale frå museumssektoren.) Det må etablerast betre kontakt mellom Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og KulturIT, som bør samarbeide med Arkivforbundet, Museumsforbundet og Kulturrådet.

Andre skriv at det er behov for at dei jobbar i forskjellige fagsystem, og at det difor er viktig at desse er compatible med kvarandre. Nokon ynskjer tilgang til andre sine databasar.

Dokumentfangst frå «nye» samhandlingsløysingar: Dokumentfangst frå alle kanalane som nyttast av sakshandsamarane. Gjerne automatisert fangst av e-post, tekstmeldingar, andre samhandlingsløysingar, intranett og eksterne nett (SoMe m.m.).

Nasjonalt sikringsmagasin for digitalt skapt arkiv: Mange skriv at dei ynskjer nasjonal infrastruktur for bevaring av digitalt skapt materiale. Løysingane bør vere fleksible, enkle og produksjonsklare, ta omsyn til standardar og personvern – type hyllevarer som senker terskelen for private verksemd.

Nasjonalt overbygg for utredning og fortolking av dokumentasjonspliktar og konsekvensar for datasett og arkivstandardar for kommunal sektor – derunder funksjonsbestemte arkivpakker med tilhøyrande metadata – i samband med lov- og forskriftsendringar. Dette bør utførast som samarbeid mellom departementa/direktorata med lovansvar; Arkivverket, kommunale arkiv, dei aktuelle kommunale funksjonane som påverkast av endringa og brukarrepresentantar.

Det gjev ingen meining at 356 kommunar med avgrensa arkiv- og tenesteressursar skal identifisere dokumentasjonspliktar i lov og forskrift på eiga hand – spesielt ikkje ettersom felles digital forvaltning vil gje sterkare behov for standardisering, felles semantikk og syntaks.

Samarbeid mellom stat og KS om hyllevarerløysingar for arkivering av oppgåver som er lovpålagt i det offentlege

Metodikk/nye verktøy for å synleggjøre lagrings- og arkiveringsbehov slik at det blir en bedre og mer omforent forståelse for virksomheter og leverandører. Verktøy for å sikre dataflyt fra fagsystem inn mot arkivkjerne.

Historisk oversikt over dokumentasjonskrav for forskjellige funksjonsområde basert på krav i særlovgivinga. Samanfatta framstilling av utviklinga på dei forskjellige funksjonsområda med utvikling

i arkivlovgivinga (moglegheit for lovleg kassasjon). Arkivverket bevarer arkiv etter departementa, og har difor tilgjengeleg alle særlovane som tidlegare dokumentasjonspliktar bygger på. Ei historisk oversikt ville gje både arkivarar og sakshandsamarar rask oversikt over frå kva år ein prosess var innført som lovkrav (t.d. individuell opplæringsplan i skulen eller søknadsplikt for endring av bustad til næring innan plan- og byggesakslovgjevinga). Ein slik plan vil kunne gje raskare og meir presise kjeldesøk – og ikkje minst – hindre unødige søk der det ikkje er nødvendig. Det ville bidra til raskare sakshandsaming og betre rettstryggleik for enkeltpersonar [...].

Felles portal for nedlasting av verktøy nytta i dokumentasjonsforvaltinga. Portalen bør innehalde standardiseringa. Verktøy vert i dag utvikla hjå forskjellige institusjonar og attbruk er avgrensa. Portalen kan gjerne leggjast til Arkivverket. (Script for vasking av uttrekk. f.eks. SIARD. Script for transkribering / OCR lesing av dokument i Digitalarkivet med tanke på personvern og fulltekst publisering. Verktøy for kvalitetssikring av digitiserte arkiv i henhold til ISO 19264-1:2021 og JHOVE validering av filer. IIF rammeverk for visning av filer. Fellesløsninger rundt bevaring og kassasjon, standardisering og automatisering.)

Sikre at midlar til privatarkiv blir ein tydeleg avgrensa del av støtteordninga. Senke krava til søknadene på privatarkiv for å nå mål om å sikre kulturarven som også dei mindre musea forvaltar. Ordninga må opnast meir opp, formuleringane må bli rundare og meir i trå med formuleringane frå då Kulturrådet forvalta ordninga. Dette vil auke mangfaldet i resultatata ordninga gjev.

Innebygd arkivering er for diffus og så lite konkret at det er vanskeleg å sjå korleis ein kan starte opp, kva som vil fungere og kva system som IKKJE eignar seg for dette. Alt som er meir konkret vil vere til stor hjelp. Då kan ein også få ressursar i eiga verksemd til å starte slikt arbeid. I dag er det vanskeleg å forankre når ein ikkje kan formidle kva det vil krevje og innebere i eiga leiing.

Innebygd arkivering kan vere relevant, men fyrst når dette blir en hyllevareteneste som kan kjøpast og ikkje utviklast av eiga verksemd.

Innspel frå Nettverk for privatarkiv 2021/2022

Nettverket møter eit par gonger i året. I løpet av 2021/2022 har utviklingsmidlane vore eit tema på fleire av desse møta.

Felles tilbakemelding frå nettverket er at det trengs ei kompetanseheving og kompetanseutvikling på mottak og bevaring av digitalt skapt dokumentasjon. Det er og eit stort behov for å vite korleis ein skal ruste seg til å ta i bruk Digitalarkivet som bevaringsløysning. Prosjekt som kan utvikla beste praksis på dette området er difor ønska.

Grappa framhevar også behovet for bevaring og tilgjengeleggjering av viktige privatarkiv. Dette er eit område som den «gamle» støtteordninga for privatarkiv var tydelegare på. Nettverket vil at ein del av «potten» skal gå til tradisjonell ordning av privatarkiv. Dei understrek at utviklingsmidlane på privatarkivområdet er heilt avgjerande for bevaringsarbeidet.

Nettverket ønsker prosjekt som utviklar metodar eller samarbeid, og sikrar kvalitet i resultatata. For å sørge for dette, krev det kanskje ei meir langsiktig planlegging av programmet? Nettverket visar til Kulturrådet, som har ein 3- årleg programperiode med 3 hovudtema: Digitalisering, Forsking og Samfunnsrolle. Er det ein modell som utviklingsmidlane kanskje og kan nytte?

Fleire melder eit behov for midlar til arkivformidling og for å belyse arkivas samfunnsrolle. Formidling er til dømes naudsynt for å vise arkiveigarar verdien av å bruke eigne midlar på arkivbevaring. Mye godt er gjort her allereie, men det trengs alltid nye og aktuelle døme på kvifor arkivbevaring er viktig. Nettverket ønsker også gode løysingar for å bruke Digitalarkivet til formidling. Musea utviklar no virtuelt museum, kva med eit virtuelt arkiv?

Arkivstatistikken 2021

152 arkivbevarande institusjonar svarta på Arkivstatistikken for 2021. Undersøkinga peiker på fleire forhold som kan vere relevante for utforminga av framtidias prosjekt- og utviklingsmidlar. Det gjeld særskilt situasjonen for privatarkiva og dei digitalt skapte arkiva, men også sektoren sine egne føresetnader i 2022 i møte med utviklingsmidlane.

Bevaring

Ved utgangen av 2021 var det bevart nesten 637 000 hyllemeter arkivmateriale og 4 500 arkivuttrekk i dei arkivbevarande institusjonane. Av dei papirbaserte arkiva var 78,2 % offentlege, og 21,8 % private. Av dei digitalt skapte arkiva var 4 061 av 4 502 frå offentlege arkivskaparar. Samstundes meldte 148 av 152 institusjonane at dei tek vare på privatarkiv i sin verksemd, i større eller mindre grad. Dei 15 største institusjonane bevarer om lag 74 % av alt privatarkivmateriale. Det vesle som er bevart av uttrekk frå private aktørar, er bevart av nokre få institusjonar.

Ordning, katalogisering og publisering

Rundt 30% av privatarkivbestanden er ikkje ordna. 49% er heller ikkje publisert. Musea har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 63 %. Saman med biblioteka er musea også den institusjonstypen som publiserer minst kataloginformasjon. Mange har ikkje tatt i bruk Asta, og langt mindre publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen. 41 % svarar at arkivkatalogane ikkje er digitalt tilgjengelege i det heile. Av alle institusjonane er det berre 44 % som publiserer på Arkivportalen. 82 % av desse er arkivinstitusjonar, 36 % bibliotek og museum.

Ved utgangen av 2021 var det til saman 38 bevaringsinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet. 17 av dei som har svart brukar Fotoweb, 46 brukar Digitalt museum, 33 Arkivportalen og 54 andre plassar.

Digitalisering

Berre 1,7 % av papirarkiva er digitalisert, og Arkivverket står for 86 % av alle digitaliserte dokument. Sidan 2016 er det i gjennomsnitt digitalisert 2,7 hm papir per dag.

Kort oppsummering

Bevaring av privatarkiv, og spesielt digitalt skapte privatarkiv, ligg etter bevaringa av offentlege arkiv. Bevaring av digitalt skapte arkiv generelt ligg etter bevaringa av papirarkiv.

Ordning, katalogisering og publisering av privatarkiv ligg etter tilsvarande for offentlege arkiv. Musea og biblioteka ligg etter dei andre arkivbevarande institusjonane når det kjem til ordning, katalogisering og publisering.

Dei ulike institusjonane nyttar framleis mange ulike verktøy og løysningar til registrering og publisering.

Stat- og kommuneundersøkinga 2021

Kommuneundersøkinga 2021

341 av 366 kommunar og fylkeskommunar (93 %) svara på kommuneundersøkinga for 2021. Undersøkinga omhandlar fysisst og fremst kommunane sine lovpålagde drifts- og kjerneoppgåver når det kjem til dokumentasjon og arkiv, ein type oppgåver som er ekskluderte frå utviklingsmidlane. Men undersøkinga inneheld også eit kapittel om Arkivverket si satsing på innebygd arkivering. Ei satsing som dei siste par åra har hatt ein plass i utlysinga til utviklingsmidlane.

Rundt 75 % av respondentane har liten eller ingen kjennskap til Innebygd arkivering. 21 % har god kjennskap, og 3 % svært god kjennskap. Berre 18 % har byrja å arbeide med innebygd arkivering i eigen organisasjon.

Av dei 18 % som har byrja arbeidet med innebygd arkivering (58 respondentar) svarar 7 % at dei ikkje treng noko hjelp eller støtte frå Arkivverket i arbeidet. 62% ønsker økonomiske støtteordningar og 65 % ønsker døme og casar på innebygd arkivering som ein kan sjå til. 60 % vil at Arkivverket set ein tydeleg retning for sektoren.

Statsundersøkinga 2021

232 av 244 verksemdar (95 %) svara heilt eller delvis på undersøkinga for 2021. På same måte som for Kommuneundersøkinga, omhandlar Statsundersøkinga fysisst og fremst verksemdene sine lovpålagde drifts- og kjerneoppgåver når det kjem til dokumentasjon og arkiv. Undersøkinga inneheld også eit kapittel om innebygd arkivering, og peikar difor kanskje på nokre tilhøve som kan vere relevante i arbeidet med utforminga av framtidens prosjekt- og utviklingsmidlar.

Rundt 65 % av dei statlege verksemdene har liten eller ingen kjennskap til Innbygd arkivering. 30 % har god kjennskap, og 4 % svært god kjennskap. 31 % har begynt å arbeide med innebygd arkivering i eigen organisasjon.

Av dei 70 respondentane som har byrja arbeidet med innebygd arkivering, svarar 11 % at dei ikkje treng noko hjelp eller støtte frå Arkivverket i arbeidet. Omtrent 37 % ønsker økonomiske støtteordningar og 63 % ønsker døme og casar på innebygd arkivering som ein kan sjå til. 60 % vil at Arkivverket set ein tydeleg retning for sektoren.

Kort oppsummering

Det er relativt få kommunar og statlege verksemdar som kjenner godt til-, eller har starta arbeidet med innebygd arkivering. Det store fleirtalet arbeidar ikkje noko med det, og har inga eller liten kjennskap til satsinga.

For dei som har starta arbeidet med innebygd arkivering, totalt 23 %, meldes det om fleire behov. For kommunane gjeld dette i hovudsak økonomisk støtte, rettleiing, eksempel å sjå til og ein tydeleg retning frå Arkivverket. For statlege verksemdar er det ikkje fysisst og fremst økonomisk støtte, men gode døme og ein tydeleg retning frå Arkivverket som er behova.